

Særutskrift

for

Giske kyrkjelege fellesråd

Tid: 28. august 2013

Giske kyrkjelege fellesråd har i møte den 28. august 2013 hatt følgende sak til behandling:

27/2013 Høyrings sak, Stålsettuvalet

VEDTAK

Høyringsuttale frå Giske kyrkjelege fellesråd.

Giske kyrkjelege fellesråd har sett på NOU: 2013:1 "Det livssynsopne samfunn". "En helhetlig tros- og livssynsspolitikk" og vil nytte høve til å kome med eit høyringssvar innanfor følgjande punkt:

Kapittel 18- Gravferdsforvaltninga

I utgreiinga blir det gjort framlegg om å ta gravferdsforvaltninga bort frå fellesråda og overføre den til kommunen, utan at det er opna for at ein lokalt kan inngå tenesteytingsavtale med fellesråda om dette. Vi meiner at dette vil vere ei fordyrande, tungvint og dårlegare løysing enn dagens ordning, og det vil skape eit uttal nye problemstillingar.

Dersom ein skulle starte på null, så hadde kanskje vi også vore enige at gravferdsforvaltninga skulle vere eit offentleg ansvar. Men no har vi ein gong ei tusenårig gravferdshistorie med kyrkjeleg medvirkning, og det er bakgrunnsteppet. Utvalet konkluderer med at gravferdsforvaltninga strengt tatt burde vere ei offentleg oppgåve, men dette har aldri vore fulgt opp av nokon statleg instans, kanskje på grunn av alle dei vanskelege spørsmåla som er knytt til overføring av denne oppgåva. Faktum er at gravferdsforvaltninga fungerer utmerka med dagens ordning, alle brukarundersøkingar mellom anna utført av KA, viser det.

Stålsettuvalet stadfestar at Den norske kyrkja har utført gravferdsansvaret på ein god måte, også overfor dei som har ei anna tru eller livssyn. Dei hevdar vidare at dagens ordning med kyrkjeleg fellesråd som forvaltar ikkje kan fortsette - av prinsipielle grunnar. Utvalet hevdar at innbyggjarane må møte kommunal instans ved spørsmål om gravlegging.

Vi opplever at utvalet har tatt veldig "lett" på denne delen av utredninga og ikkje sett seg inn i kva dette inneber for alle landets kommuner. Dei store byane er ein ting, men vi har ca 2000 kyrkjegardar spreidd utover landet. Med små ressursar har kyrkjeleg fellesråd fått dette til å gå opp gjerne med små stillingar som også kan vere kombinasjonsstillinger med anna kyrkjeleg arbeid.

Vi meiner at det er kyrkjeleg fellesråd som bør står for gravferdsforvaltninga. Vi har erfaring med trusspørsmål, religion og religiøse skikkar. Dialogen som foregår rundt gravlegging og tilrettelegging på gravplassane, viser vei til ei meir nyansert fortelling om å leve saman i livssynsmangfold.

Kyrkjeleg gravferdsforvaltning viser at når vi som trusamfunn møter eit anna, kan det oppstå dialog og bevisstgjerung om den andre si tru og ståstad som gir ei større gjensidig respekt, ikkje spenning og konflikt.

Vi meiner at kyrkjeleg fellesråd sin livssynsståstad har bidratt til ein større forståing for behov og ønsker hjå menneske som er i sorg ved eit dødsfall. Tilliten som er etablert er fundamentert på innsikta i at gravferda på ulike måter berører dei mest eksistensielle sidene av livet.

Kompetansen og kulturen som er opparbeida i dei lokale kyrkjene og fellesråda er skjør og sårbar for drastiske omleggingar. Det ligg mykje kunnskap om lover, regler, skikkar og levemåtar i dei lokale kyrkjelydane, og også ei ærefrykt som kjem av å ha arbeida med dette over lang tid.

kapittel 17 Vigselsmynde

Uttale om Vigselsmynde

Giske kyrkjelege fellesråder er samstemt i ynskje om å vidareføre noverande vigselsordning. Den fungerer etter vår oppfatning godt, både for dei som vel kyrkjeleg vigsel, og den gir Den norske kyrkja og andre trusamfunn ein positiv rolle i samfunnet. Praksisen er i tråd med vår tradisjon og tru, og gir kyrkja høve til å forkynne Guds ord og formidle Guds velsigning.

Del V Økonomi

Staten bør ha eit særskilt økonomisk ansvar for kyrkjebygg, og då særleg for dei freda og verna kyrkjene.

Giske kyrkjelege fellesråd

TV
